

REGLEMENT FOR

ELDRERÅDET

Vedteke av fylkesutvalet i møte 24.08.1992, sak U-169/92 A, m/endingar vedteke i sakene T-85/93, T-48/95, T-53/99, T-11/08 og T-12/08.

I

VAL OG SAMANSETJING

- § 1 Eldrerådet er oppretta med heimel i lov av 8. november 1991 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 5.

Eldrerådet blir valt av fylkestinget for den fylkeskommunale valperioden. Rådet skal ha 7 medlemmer. 5 av medlemene skal vere alderspensjonistar i fylket og skal fortrinnsvis veljast etter framlegg frå fylkesomfattande organisasjonar. For desse 5 blir det valt 5 varamedlemer i rekkje. For kvar av dei 2 andre blir det valt 3 personlege varamedlemer.

- § 2 Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar mellom pensjonistane i rådet for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem eller ein varamedlem trer endeleg ut av utvalet, skal fylkestinget i medhald av kommunelova § 16 nr 3 velje ny medlem eller varamedlem.

II

ARBEIDSOMRÅDE

- § 3 Eldrerådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen.

Rådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levkåra for eldre, jfr. lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 6. Rådet skal m.a. behandle alle budsjettframlegg og planar som gjeld eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.

III

MØTE OG SEKRETARIAT

- § 4 Eldrerådet skal ha møte når leiaren eller 1/3 av rådsmedlemene krev det.
- Eldrerådet blir innkalla med rimeleg frist. Innkallinga vedlagt saksdokument skal sendast medlemer og varamedlemer.
- § 5 Rådet kan gje fråsegn når minst halvparten av rådsmedlemene er til stades.
- § 6 Det skal førast møtebok i samsvar med reglement fastsett av fylkestinget, jfr. kommunelova § 30 nr 3. Utskrift av møteboka skal sendast medlemene, varamedlemene, fylkesordføraren og etatsjefane.
- § 7 Sekretariatsfunksjonen skal liggje til fylkesdirektøren ved kulturavdelinga..

IV

SAKSBEHANDLINGSREGLAR

- § 8 Den enkelte etat-/avdelingssjef har ansvar for å innhente eldrerådets syn som ledd i saksførebuinga.
- § 9 Dersom det ikkje er mogleg å innhente eldrerådets syn på førehand, skal ein representant frå eldrerådet innkallast til møtet i hovudutvalet.
- § 10 Eldrerådet skal ha tilsendt saklister og protokoll frå møta i hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget.

V

ÅRSMELDING

- § 11 Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for fylkestinget, jfr. lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 8.